

## Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 5. desember 2022 kl. 13.00-15.00

Stad: Teams

Til stades: Heming Helland Gujord (undervisningskoordinator), Peter Svare Valeur (allmenn litteraturvitenskap), Scott Rettberg (digital kultur), Koenraad De Smedt (språkvitenskap), Agnete Nesse (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Ulla Kallenbach (teatervitenskap), Matti Wiik (klassisk), Ilka Wunderlich (norsk kursa), Ragnhild Lie Anderson (lektorutdanninga), Ingrid Halland (kunsthistorie), Jens Eike Schnall (norrøn filologi), Sarita Helen Øygard, Ekaterina Vybornova og Marielle Larsen (studentrepresentantar), Signe Nilssen (sekretær)

Frå administrasjonen: Veronica Christensen, Amund Sørås, Kjersti Hartveit Ure, Lene Tøftestuen, Vegard Sørhus, Linnea Reitan Jensen, Mona Vervik Uthaug

### Saksliste

UUI-sak 17/22: Godkjenning av innkalling og saksliste .....	1
UUI-sak 18/22: Orienteringssaker .....	1
Orienteringssak 1: Referat frå førre møte (vedlagt) .....	1
Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar .....	1
Orienteringssak 3: Løpande arbeid med studiekvalitet .....	3
Orienteringssak 4: Fristar for å melde inn endringar i studie- og emneplanar .....	3
UUI-sak 19/22 Drøftingssaker .....	3
Drøftingssak 1: Studentkontakt .....	3
Drøftingssak 2: Studieportefølje på HF .....	4
UUI-sak 20/22: Vedtakssak .....	4
Vedtaks sak 1: Møtedatoar for 2023 .....	4
UUI-sak 21/22: Ymist .....	4

### UUI-sak 17/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

### UUI-sak 18/22: Orienteringssaker

#### Orienteringssak 1: Referat frå førre møte (vedlagt)

Vedtak: UUI godkjenner referatet.

#### Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemene fekk *tre* minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet. Vi bad òg om ei kort oppsummering av møtet med dekanatet.

Sarita: Det er positivt for oss no. Førre veke hadde vi eit juleavslutningsarrangement for alle på LLE. Alle kosa seg, og har gitt gode tilbakemeldingar. Nesten alle faga var representerte. Elles er vi opptatte med eksamen om dagen. Vi overlever!

Marielle: God oppsummering frå Sarita.

Ekaterina: Vi har hatt julebord med studentar og tilsette på norrønt. Det var veldig fin avslutning på semesteret. Vi har elles hatt omvisingar på museum, og fagleg-sosiale arrangement. Også fagkritisk dag.

Agnete: Vi held på med eksamensarbeid. Det er travelt. Vi har hatt programstyremøte i dag der vi har diskutert samarbeid og ulikt som vi skal halde på med framover.

Ilka: Vi er ferdige med alle dei skriftlege eksamenane, og no er det munnleg nesten kvar dag. Vi har hatt litt utfordringar med tanke på flyktningar vi har hatt her i haust og eksamen. Teknisk kunnskap og pc har vore utfordrande. Dei er ikkje vande med digital eksamen. Det må vi få tenkt litt nytt om. Vi er på jakt etter vikarar til våren.

Peter: Vi er også i eksamensmodus. For to veker sidan då det var møte med dekanatet, var alle litteraturvitarane på møte i Oslo med kollegaar frå andre institusjonar.

Matti: Vi held òg på med eksamen. Eg håpar å ha hanka inn nye studentar til latin og gresk neste semester. Møtet med dekanen: Eg tok ein prat med dekanen i etterkant der eg fekk lagt fram nokre synspunkt frå klassisk sin ståstad.

Frøde: For tida dreier det mykje seg om redesignprosessen på lektorutdanninga. Det kjem til å legge føringar for mykje av det vi held på med framover. Vi har ein god ressursituasjon til våren. Christine har fått eit prosjekt i Sverige og treng frikjøp til hausten og våren. Vi var innstilte på å vere positive på dekanmøtet. Så vi rapporterte at ting går bra.

Koenraad: frå januar tar Calle over som fagkoordinator og leiar for programstyret. Vi har fått midlar frå universitetet til eit forprosjekt til humaniorasatsingar. Eit arbeidsrelevant tilbod. Eit omfattande prosjekt som kan påverke fleire studieprogram. Vi skal tilsetje ein rådgivar i 8 månader til dette. Det er Marita Kristiansen som er hovudkontakt for dette prosjektet. Vi skal snart lyse ut ei ph.d.-stilling. Vi treng avklaring på om vi får legge inn pliktarbeid i stillinga.

Ragnhild: Det går sin gang. Vi var på dekanatmøtet. Frå mitt perspektiv var det ein ryddig og fin presentasjon sjølv om innhaldet var dystert med tanke på framtida. Vi må gjere det beste ut av situasjonen.

Scott: Vi har eksamen no. Vi førebur oss til tilsetjingar. Vi har hatt eit fint møte med underdirektøren på fakultetet for senterlokasjonar. Vi har sett på rom 124. Der treng vi ein ny skjerm. Og vi har sett på oppussinga av 264. vi ventar på tilbakemelding frå fakultetsstyret om stillingar. Daniel tar over som fagkoordinator frå våren når det gjeld møte.

Ingrid: Vi har fått midlar til ekskursjonsemnet. Så vi er veldig glade. Det er eit viktig emne for studentar og studentmiljø. Vi skal reise til Athen i mars. Vi skal undervise i lag, Jørgen og eg. Vi har hatt orienteringsmøte om denne ekskursjonen nett no. Det var eit spennande møte med dekanatet, eg sette pris op informasjonen. Og gode diskusjonar om samarbeid på tvers. Eg har orientert fagmiljøet om møtet. Alt går elles bra i miljøet. Men vi har hatt litt utfordringar med sjukmeldingar.

Kva er rolla til fagkoordinator her? Må eg pålegge nokon å undervise meir? Når kan vi få vikar i slike situasjonar?

Ulla: Det går bra. Vi har nett vore på studietur til Berlin. Det er viktig for også fagmiljøet. Også det å oppleve teater utanfor Noreg. Semesteret går sin gang. Vi får ny vikar til våren, vi synest det er utfordrande med bemanningssituasjonen. Kva gjer ein når vi har utfordringar? Også i studentmiljøet. Vi vil gjerne ha fleire guidelines for kva ein skal gjere ved uventa situasjonar som oppstår.

Eike: Overordna sett bra. Vi har ei ubesett stilling som er i prosess. Vi har fått vikar i neste semester. Helen har fått fast stilling på Færøyane. Vi har ein uproblematisk undervisningssituasjon. Vi har få programstudentar, men vi har fleire studentar på nokre av emna våre. Særleg utvekslingsstudentar. Vi vil jobbe med kurs der vi har få studentar. Vi vil prøve å redusere kostnader. Kutte der vi har doble vurderingsformer. Kva kan vi gjere for å gjere studia meir attraktive og arbeidslivsrelevante? Vi er i kontakt med spesialsamlingane, og vi knyter masterstudentane på der. Vi har hatt tilsettutveksling, og vi skal ha post graduate symposium til våren med internasjonale besøkande.

### Orienteringssak 3: Løpande arbeid med studiekvalitet

Det er tydelege forventingar til oss når det gjeld arbeid med studiekvalitet. Undervisningskoordinator innleier.

Gi best undervisning i augneblinken, og god kontakt med studentane. Vi må dokumentere arbeidet vårt med studiekvalitet. Vi har syklusar for når ein skal gjere det ulike arbeidet. Vi skal ha ekstern fagfelle og bruke denne. Evalueringane må vere dokumenterbare og ligge ute i kvalitetsbasen. Dette er vårt ansvar som sjølvakkrediterande institusjon.

Koenraad: Kva skjer med ekstern fagfelle på språkvitskap?

Signe: Vi skal purre på fakultetsadministrasjonen.

Frode: Vi har fått ny ekstern fagfelle.

### Orienteringssak 4: Fristar for å melde inn endringar i studie- og emneplanar

Fagmiljøa sin frist for å melde inn endringar i studie- og emneplanar til instituttet, er 15. januar slik at instituttet rekk å gå gjennom alle innsendingar i god tid før fristen for å sende over til fakultetet 15. februar. Før de sender inn endringar til godkjenning i EpN, skal dei vere kvalitetssikra av studiekonsulent og vedtatte i programstyra. Vi viser til e-post sendt ut 15. november. Studieleiar orienterte

### UUI-sak: 19/22 Drøftingssaker

### Drøftingssak 1: Studentkontakt

For trygg og god dialog er det viktig at det finst fagutval i alle miljøa. Undervisningskoordinator innleia.

Vi må ha gode funksjonelle fagutval, og vi må oppmuntre og legge til rette for at dette kan skje. Når det oppstår uheldige situasjoner, er det viktig å ha eit fagutval å ta det opp med.

Scott: Vi hadde eit vellukka arrangement der studentane la fram videopresentasjonar. Der fekk dei pizza.

Instituttutvalet stiller gjerne på orienteringsmøte for å orientere om fagutvalsarbeid.

### Drøftingssak 2: Studieportefølje på HF

Fakultetet har sett i gang eit arbeid for å lage eit kunnskapsgrunnlag med tanke på revisjon av studietilbodet på fakultetet. Undervisningskoordinator orienterte om dette arbeidet.

Eike: kunnskapsgrunnlaget må ikkje baserast berre internt. Kanskje vi burde vi òg snakke med dei som skal studere her i framtida. Korleis kan vi få kunnskapen om kva som vil vere attraktivt og relevant for å rekruttere betre? Veit vi kva som skjer med dei som har droppa ut? Har dei slutta eller bytta studieretning?

Ragnhild: Om vi får betre studentkontakt, får vi kanskje fleire til å fullføre. Utan å kutte portefølje!

### UUI-sak 20/22: Vedtakssak

#### Vedtakssak 1: Møtedatoar for 2023

6. februar  
27. mars  
8. mai  
12. juni (ved behov)  
4. september  
23. oktober  
4. desember

Vedtak: UUI godkjenner møtedatoane for 2023.

### UUI-sak 21/22: Ymist

Ingen saker blei melde.